
Fra: Reidar Bjørsvik
Sendt: 11. januar 2018 11:21
Til: Berit M Eskeland
Emne: VS: Disponering av kommunale investeringsmidlar til ny kyrkje på Frekhaug

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei

Kommunen kan utgiftsføre investeringstilskot til kyrkjeleg fellesråd i investeringsrekneskapen og lånefinansiere dette når formålet er innafor kommunelova § 50.

Heimel for lånefinansiering framgår av kirkeloven § 15, jfr KRS 4 pkt 1.5.

Heimel for å utgiftsføre investeringstilskotet i kommunen sin investeringsrekneskap framgår av KRS 4 pkt 3.2.10.

Investeringstilskotet skal ikkje førast i kommunen sin balanse, jfr. KRS 4 pkt. 3.2.1.

Vi har såleis ikkje merknader til at kyrkjeleg fellesråd får investeringsmidlar frå kommunen til ny kyrkje i samsvar med ein underliggjande avtale.

Ein avtale bør mellom anna sikre at prosjektet blir utført i samsvar med dei nevnte heimlane.

*Med venleg helsing
Nordhordland Revisjon IKS*

*Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef
Tlf 99 58 98 55*

Fra: Berit M Eskeland
Sendt: 11. januar 2018 08:07
Til: Reidar Bjørsvik
Emne: Disponering av kommunale investeringsmidlar til ny kyrkje på Frekhaug

Hei,

Meland kommunestyre har vedteke å bygge ny kyrkje på Frekhaug.

Det er satt av kommunale midlar i øk. plan investering til utbygging, henholdsvis: 0,5 mill i 2018, 0,5 mill i 2019, 34 mill i 2020 og 35 mill i 2021.

Kyrkja vil også bidra med ca. 16 mill til utbygginga.

Rådmannen ønskjer at Kyrkjeleg fellesråd skal ha det fulle ansvaret for å prosjektere og bygge kyrkja.

Ettersom bygginga skal gjerast med kommunale

midlar ønskjer Rådmannen å inngå ei eigen avtale med kyrkjeleg fellesråd som sett visse krav til bruk av dei kommunale midlane.

Har revisjonen nokon innvendingar/merknader til at kommunen overlet disponeringa av kommunale investeringsmidlar til Kyrkjeleg fellesråd gjennom avtale?

Venleg helsing

Berit M Eskeland

Prosjektrådgjevar

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Tlf: 56 17 11 68

Sentralbord 56 17 10 00

postmottak@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

[Sjå brosjyren vår](#)